

Til elevar og føresette

Tid for vaksinasjon mot meslingar, kusma og raude hundar (MMR-vaksine)

I det nasjonale barnevaksinasjonsprogrammet får elevar i 6. klasse (11–12 år) tilbod om ein oppfriskingsdose av vaksine mot virussjukdomane meslingar, kusma og raude hundar (MMR-vaksine). Første dose blir vanlegvis gitt når barnet er 15 månader. For å sikre godt vern på lang sikt gir ein no tilbod om oppfriskingsdose.

Om sjukdomane

Meslingar er den alvorlegaste og mest smittsame av barnesjukdomane. Sjukdomen begynner med forkjølingssymptom og høg feber, etterfølgd av utslett. Meslingar fører ofte med seg komplikasjonar som lungebetennelse, bronkitt og mellomøyrebetennelse. Alvorlege følgjer som hjernebetennelse (encefalitt), varig hjerneskade og dødsfall ser vi blant uvaksinerte også i vår del av verda.

Kusma gir feber og heving i øyrespyttkjertlane. Den vanlegaste komplikasjonen er kusmahjernehinnebetennelse (meningitt), som oftast går over utan varige skadar. Ein meir alvorleg komplikasjon er varig dövheit. Dersom gutar får kusma etter puberteten, kan viruset gå til åtak på testiklane og føre til nedsett fruktbarheit

Raude hundar er ein mild sjukdom med feber og utslett. Dersom ei gravid kvinne som ikkje er immun, blir smitta med raude hundar, kan sjukdomen føre til alvorlege skadar hos fosteret. Risikoen for misdanningar er på over 80 % ved sjukdom i første del av svangerskapet. Ved å vaksinere barn hindrar ein smitte til gravide

Om vaksinen

Vaksinen som blir brukt, heiter Priorix og består av levande, svekte virus. Kortvarige smerter, raud hud og heving på stikkstaden oppstår etter vaksinasjon. Ei til to veker etter vaksinasjonen kan nokre barn få lette symptom på dei sjukdomane vaksinen vernar mot, men dette er uvanleg hos dei som har fått ein dose tidlegare. Vanlegast er feber og utslett. Meir informasjon om eventuelle biverknader etter Priorix finst på nettsidene til Statens legemiddelverk: www.legemiddelverket.no.

Hugs å informere helsesjukepleiar

Gi beskjed om barnet har immunsvikt eller bruker medisinar som påverkar immunforsvaret. Gi også beskjed om barnet har allergi eller har reagert allergisk på medisinar eller tidlegere vaksinar. Viss barnet får allergivaksine (hyposensibilisering) eller har fått annan vaksine dei siste 4 vekene, gi beskjed til helsesjukepleiar.

Meir informasjon finst på nettsida: <https://www.fhi.no/om-bvp>.